



Byggjinga av Dønhaug Gardsbarnehage går raskt framover. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Opptaket til den nye barnehagen på Dønhaug i Uskedalen er no i gang. Helene Huse Bjørnebøle, som har teke initiativet til og står bak dette private prosjektet, trur at det vil vera "fullt hus" når dørene opnar ein gong i oktober.

Det er for tidleg å seia når i denne månaden starten eksakt kjem til å skje, men byggjinga går no raskt framover. Den nye barnehagen reiser seg der hovudhuset på den eine Dønhaug-garden låg. Tilbodet er enno ikkje sendt ut til foreldra. Det vil skje så snart som mogeleg, det vil seie om to-tre veker, opplyser Helene til uskedalen.no



Barnehagen vil ha plass til 16-18 barn i alderen frå null til seks år. Det vert fire vaksne på avdelinga kvar dag og opningstida vil vera frå 06.45 til 17.00. Det blir gjennomført eit samordna opptak med kommunen og Dønhaug Gardsbarnehage vil fylgja dei same betalingssatsar og opptakskriterier som denne.

Helene Huse Bjørnebøle går også ut
med tilbud om mat til barna.

Men det vil vera nokre interessante skilnader:

- Vi kjem til å gå ut med tilbud om full matsservering kvar dag mot eit tillegg, fortel Helene. Det har samanheng med at dette er ein gardsbarnehage og at det vil bli lagt stor vekt på eit sunt og godt kosthald. Ungane vil få vera med på både planting og hausting på staden.
- Og i tillegg vil dei få oppleve dyrehald?
- Jau, det blir i første omgang kaninar og sauer, som vi allereie har på garden. Seinare vil også grisen bli å finna ved barnehagen. Vi set sterk fokus på gards- og friluftsliv, seier Helene.

Kommunen stadfesta i vinter at etablering av den nye barnehagen er med i kommunen sine planar for å sikra full barnehagedekning i kommunen dette året – i samsvar med dei nasjonale målsetjingane.

Etter prognosar for barne- og fødselstal er det trong for dette tilbudet i det aktuelle området, som omfattar Uskedalen, Omvikdalen og Herøysundet.

Alle barnehagar har – uavhengig av eigarskap – krav på tilskot frå stat og kommune og rett på likeverdig handsaming.

Av Ola Matti Mathisen